



«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 06.05.2016  
Vår ref.: 2014/11042-97  
Saksbehandlar: evataul  
Dykkar ref.: «REF»

## Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - oppnemning av nye representantar til styringsgruppa

Kystsoneplanen har vore på offentleg høyring med frist 1. oktober 2015 og det kom inn 44 høyringsinnspel. Det er behov for å opprette ny politisk styringsgruppe for gjennomføring av vidare prosess mot vedtak i fylkestinget. Det er lagt opp til vedtak av planen i desember 2016. Om dette er realistisk, avhenger av kor store endringar i planutkastet som styringsgruppa legg opp til. Ved større endringar, må ein vurdere om det er trong for ny høyring. Endeleg framdriftsplan vert fastsett av styringsgruppa i første møte.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama i møte 20.04.16 status og vidare framdrift for planen i sak 103/2016 med følgjande vedtak:

*1. Fylkesutvalet ber om at det blir etablert ei ny styringsgruppe med to medlemmer frå fylkeskommunen, to frå Samarbeidsrådet sine medlemmer og ein frå kommunane Fusa, Kvam eller Jondal. Det vert opna for representasjon frå Vindafjord kommune/Rogaland fylkeskommune.*

*2. Fylkesutvalet oppnemner 2 medlemmer til styringsgruppa frå fylkestinget; ein av desse som leiar:  
Leiar: Kjell Håland  
Medlem: Anne Beth Njærheim*

Vi ber difor om oppnemning av nye medlemmer til styringsgruppa frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland og kommunane Kvam, Jondal og Fusa.

Vindafjord kommune har meldt i brev av 15.12.2015 at leiar i DUK Kjartan Innbjo er representant og Vidar Samland er vara.

Det vert lagt opp til møte i styringsgruppa i siste del av juni, tentativt 17. juni.

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Eva Katrine Ritland Taule  
kst. seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
VINDAFJORD KOMMUNE  
ROGALAND FYLKESKOMMUNE